

Stad kommune

Reguleringsføresegner Detaljregulering rv.15 Bjørhovde bru

Dato 15.07.2023

Nasjonal arealplan-ID: 4649-2021002

Planavgrensinga er vist på plankartet datert 10.07.2023. Reguleringsføresegnene gjeld for områda innafør plangrensa.

1. Føremålet med planen

Føremålet med planen er å regulere areal til ny Bjørhovde bru, midlertidig bru i byggeperioden, utviding av rv.15, senking av høgbrekket på rv.15, gang-og sykkelveg, busslommer og utbetring av kryss til fv.5747 Hjalmovegen og Skulehusbakken.

2. Fellesføresegner for heile planområdet(plan- og bygningslova §12-7)

2.1 Ytre miljø(§12-7, nr.12)- Det skal utarbeidast plan for ytre miljø(YM-plan) i starten av prosjekteringsfasen.

Retningsline

YM-plan skal vidareføre dei krava og tiltaka som er omtala i planen og/eller oppsummert i kapittel 8.2.1, tabell 4. Miljøutfordringar som blir avdekka skal følgjast opp av utførande og kontrollerande personell i gjennomføringsfasen.

2.2 Rigg- og marsikringsplan(§12-7, nr.12) – Det skal utarbeidast ein plan for riggområder, marsikring og istandsetting av berørte områder.

2.3 Framande skadeleg artar(§12-7, nr.3) – Ved bygging av prosjektet skal framande skadelege artar takast hand om.

Retningsline

Framande skadelege artar skal takast hand om i tråd med forskrift om fremmede organismer og SVV-rapport-387.

2.4 **Matjord** – Matjord skal takast vare på.

Retningsline

Lett tilgjengeleg matjord som ikkje er infisert av framande, skadelege artar skal takast av og lagrast på ein slik måte at matjorda seinare kan nyttast som vekstmedium på skråningar eller dyrka mark.

2.5 **Byggegrense**(12-7, nr.2)- Der byggegrensa ikkje er vist på plankartet, er byggegrensa 50m frå senterlinje på rv.15.

2.6 **Støy**(12-7, nr.3)-Det endelege omfanget av støytiltak skal vurderast i samband med gjennomføring av vegprosjektet.

Retningsline

Føringar i T-1442/2021, kap.5.2.2 skal leggest til grunn for støytiltak.
Føringar i T-1442/2021, kap.6 skal leggest til grunn i forhold til handtering av støy i anleggsperioden.

4. Føresegner for arealformål

4.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr.1)

Føresegnene i reguleringsplanen, planid 1986001, gjeldande frå 05.03.1986 og planid 2001008, gjeldande frå 30.04.2003, gjeld innafor desse formåla: Bustader, offentleg eller privat tenesteyting, idrettsanlegg, forretning/industri.

B, Bustader

Området er regulert til bustader. Arealet kan brukast som midlertidig anleggsområde når prosjektet skal byggast.

o_T, Offentleg eller privat tenesteyting

Området er regulert til offentleg eller privat tenesteyting. Arealet kan brukast som midlertidig anleggsområde når prosjektet skal byggast.

o_IDR, Idrettsanlegg

Området er idrettsanlegg. Arealet kan brukast som midlertidig deponi og riggområde når prosjektet skal byggast.

F/I, Forretning/industri

Området er regulert til forretning og industri. Arealet kan brukast som midlertidig anleggsområde når prosjektet skal byggast.

4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

KV, Køyreveg

f_KV, Køyreveg, felles avkøyrsle til gnr.38, bnr.1, 4 – f.1, 5, 6, 8, 11, 26, 28, 53, 124 og gnr.35, bnr.1.

o_KV, Køyreveg

o_FO, Fortau

o_GS, Gang- og sykkelveg

AVG, Annan veggrunn

o_AVG, Annan veggrunn

o_SBK, Tekniske bygningar/konstruksjonar

o_KA, Kollektivanlegg

o_KH, Kollektivhaldeplass

Avkøyrsel vist som pil - avkøyrsle

4.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

GN, Naturområde Føresegnene i reguleringsplanen planid2001008, gjeldande frå 30.04.2003, gjeld innafør formålet.

FRI, Friområde – Arealet kan også brukast til parkeringsplass.

4.5 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

LNFR, LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden

N, Naturformål

4.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

O_BSV, Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

5. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6)

5.1 Sikrings-, støy- og faresoner

Sikringssoner, H140_Frisikt

Kommunen og Statens vegvesen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna i frisiko. Innan sikktrekanten skal eventuelle sikthindringar ikkje vere høgare enn 0,5m over primærvegen sitt køyrebanenivå. Enkeltstående tre, stolpar og liknande kan stå i sikktrekanten, trekrone skal ikkje hindre sikt.

Faresoner, H370_Høgspent

6. Føresegner til føresegningsområde (§12-7)

1-8 Områder som kan nyttast til rigg- og anleggsområde og mellomagring av massar. Etter avslutta anlegg går arealet over til formål som vist i planen. Området skal ryddast og settast i stand til det formål og den stand det var i før anleggsstart innan eit år etter at anlegget er ferdig.

Føresegningssonene kan fjernast frå plankartet administrativt av planmyndigheita etter at anleggsperioden er avslutta og seinast 01.01.2035.